

Evy Merete Ekelund
Sykkylvsvegen 2101
6220 STRAUMGJERDE

SAKSBEHANDLER: LINN MYRVOLD - VÅR REF: 2015/520 - DATO: 29.01.2015

GEIRANGER-HERDALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE- LØYVE TIL HELIKOPTERTRANSPORT TIL ELLINGGARDEN I VERPESDAL I NORDDAL KOMMUNE

Vi viser til søknad datert 14. jan. 2015

Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen handsama søknaden pr. e-post 27. jan 2015.

Verneområdestyret gjorde følgende vedtak

Verneområdestyret gir med dette Evy Merete Ekelund løyve til å bygge om fritidseigendom i Verpesdalen og å bruke helikopter for transport av materialar til bygningsarbeidet. Løyva er gitt i medhald av forskrift om vern for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde § 3 punkt 5.3 f og § 3 punkt 1.3 a samt føringar i forvaltningsplanen. Det er gitt løyve til fem turar (tur/retur) i løpet av 2015.

Søknaden er vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

Vilkår

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Løyva er knytt til Evy Merete Ekelund som er ansvarleg for at vilkåra overhaldas.
- Løyva gjelder transport av materialar til ombygging av fritidseigendom i Verpesdalen i Norddal Kommune.
- Flyginga skal avgrensas til maks 5 turar (tur/retur) og gjennomførast før april og/eller etter mai månad i år 2015.
- Transporten skal utføres på en kvardag av omsyn til andre som er til stades i området slik at forstyrringa blir minst mogeleg.
- Det skal gis tilbakemelding til verneområdeforvaltar når flyginga er gjennomført.
- Av omsyn til resten av bygningsmiljøet i Verpesdalen skal det nyttas tradisjonelt panel framfor villmarkspanel.
- Alt av resterande material skal ryddas vekk frå området ved ferdigstilling.
- Løyve må medbringes og visast på førespurnad.

Forholdet til anna lovverk

Innehavar av denne dispensasjonen må sjå til at køyringa følgjer andre lover og forskrifter som regulerer motorferdsel i utmark.

Klagerett

Dette vedtaket kan i samsvar med § 28 i forvaltningsloven påklagast av ein part eller andre med rettslig klageinteresse. Frist for å klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Klagen stilast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen. Klaga bør grunngjevast.

Med helsing

Linn Laurent Myrvold
Verneområdeforvalt

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg: Saksframlegg

Kopi med vedlegg:

Miljødirektoratet

Statens naturoppsyn

Norddal kommune

Statens naturoppsyn Geiranger

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Postboks 5672 Sluppen

Postboks 5672 Sluppen

Pb 144

Norsk fjordsenter

Fylkeshuset

7485 TRONDHEIM

7485 TRONDHEIM

6211 VALLDAL

6216 GEIRANGER

6404 Molde

